



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport etter forvaltningskontroll i Rennesøy kommune 25. november 2015

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgjande ordningar:

- Tilskot til SMIL og drenering
- Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)
- Produksjonstilskot i jordbrukskret (PT)

Vår referanse: 2015/9276

Innhald

| | | |
|-------|--|----|
| 1. | Samandrag..... | 3 |
| 2. | Innleiing | 5 |
| 3. | Bakgrunn for kontrollen | 5 |
| 4. | Heimel for kontrollen | 5 |
| 5. | Opplysningar om gjennomført kontroll | 6 |
| 5.1 | Faktaopplysningar om sjølve kontrollen | 6 |
| 5.2 | Møte, intervju og dokumentgjennomgang | 6 |
| 5.3 | Tema for forvaltningskontrollen..... | 7 |
| 6. | Funn..... | 8 |
| 6.1 | Definisjonar..... | 8 |
| 6.2 | Tema 1 – SMIL og drenering..... | 8 |
| 6.3 | Tema 2 – Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP) | 9 |
| 6.4 | Temma 3 – Produksjonstilskot..... | 11 |
| 6.4.1 | Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata | 11 |
| 6.4.2 | Driftsfellesskap | 13 |
| 6.4.3 | Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting..... | 14 |
| 6.4.4 | Risikovurderinger ved utplukk til stadleg kontroll | 15 |
| 6.4.5 | Spreieareal..... | 16 |
| 6.4.6 | Tilskot til dyr på beite..... | 17 |
| 7. | Oppfølging etter kontrollen | 18 |

Vedlegg (ikkje offentleg)

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Rennesøy kommune 25. november 2015. Hovedtema for forvaltningskontrollen var kommunen si handsaming av ordningane med tilskot til SMIL og drenering, tilskot etter regionalt miljøprogram og produksjonstilskot i jordbruket.

Ved forvaltningskontrollen skal Fylkesmannen sjå om kommunen følgjer dei instrukser som er gitt i forskrift og rundskriv. Vi vil presisere at rapporten ikkje gir ei totalvurdering av kommunen sitt arbeid på landbruksområdet, men omhandlar avvik og merknader innanfor dei tema som blei kontrollerte.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og har desse merknadene:

Avvik

Regionalt miljøprogram:

- **Avvik 1**
Kommunen har godkjent turstiar i område med kystlynghei.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der det er gitt feilopplysningar.

Produksjonstilskot:

- **Avvik 3**
Kommunen har korrigert søknadsdata utan at det ligg føre dokumentasjon og utan at endringa er kommentert i WESPA.
- **Avvik 4**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i saker der dyretal eller areal er redusert.

Merknader

SMIL og drenering:

- **Merknad 1**
Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å følgje opp arbeidsfristar i gamle saker.
- **Merknad 2**
Kommunen skriv ikkje alltid i løvvingsbrevet konkrete vilkår for utbetaling av tilskotet.

Regionalt miljøprogram:

- **Merknad 3**
Kommunen har ikkje skriftleg rutinebeskriving for behandling av RMP-søknadene.

Produksjonstilstokt:

- **Merknad 4**
Kommunen hentar ikkje inn tilstrekkeleg dokumentasjon når dei skal vurdere driftsfellesskap, og konklusjonane blir difor trekte på for svakt grunnlag.
- **Merknad 5**
Kommunen gjer ikkje ei tilstrekkeleg vurdering av beiteareal i forhold til dyretal.
- **Merknad 6**
Kommunen har godkjent mjølkekjær på utmarksbeite utan tilstrekkeleg vurdering.
- **Merknad 7**
Ved stadleg kontroll bør kommunen ha større fokus på om vilkår for å føre dyr på beite er oppfylt.

I rapporten står det om gjennomføring av sjølve kontrollen, og nærmere omtale av avvik og merknader.

2. Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll jf. brev datert 21.08.2015. Kontrollen blei gjennomført 25. november 2015. Førebels rapport blei sendt ut 30.06.2016. Kommunen har kome med kommentarar jf. brev datert 25.07.2016. Sluttrapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar kring sjølve kontrollen.

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk.

Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunane si forvaltning av følgjande ordningar:

- SMIL og drenering
- Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)
- Produksjonstilskot i jordbruket (PT)

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

"Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket (til 31.12.2014)
- Forskrift 19.12.2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (frå 01.01.2015)
- Forskrift 08.11.2006 nr. 1227 om tilskot til avløysing (til 31.12.2014)

- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav
- Forskrift 04.02.2004 nr. 448 om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Forskrift 02.07.2015 nr. 132 om endring i forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Forskrift 07.06.2013 nr. 604 om tilskot til miljøtiltak i jordbruket, Rogaland
- Jordbruksavtalen 2013-2014 og Teknisk jordbruksavtale 2014-2015
- Gjeldande rundskriv for dei ulike ordningane

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

| | |
|-------------------------------------|--------------------------|
| Dato for kontroll: 25.11.2015 | Journalnummer: 2015/9276 |
| Dato for førre kontroll: 29.10.2009 | Journalnummer: 2009/9018 |

Kontrollert verksemnd

| | |
|--------------------------------------|----------------------------------|
| Kommune: Rennesøy kommune | E-post: post@rennesoy.kommune.no |
| Besøksadresse: Asalveien 6, Viklevåg | Telefon: 51 72 02 00 |

Til stades frå kommunen

| Namn | Funksjon | Opnings-møte | Intervju | Slutt-møte |
|----------------------|---------------------------|--------------|----------|------------|
| Irene H. Tjøstheim | Leiar plan og forvaltning | x | x | x |
| Geir Helge Rygg | Fagkonsulent | x | x | x |
| Birger S. Clementsen | Rådmann | x | | |

Til stades frå FM

| Namn | Funksjon | Opnings-møte | Intervju | Slutt-møte |
|--------------------|----------------------|--------------|----------|------------|
| Hadle Nevøy | Landbruksdirektør | x | x | x |
| Nono Dimby | Medkontrollør (SMIL) | x | x | x |
| Monica Dahlmo | Medkontrollør (RMP) | x | x | x |
| Else F. Hodne | Medkontrollør (PT) | x | x | x |
| Sissel C. Endresen | Kontrollansvarlig | x | x | x |

5.2 Møte, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Hadle Nevøy informerte om bakgrunnen for kontrollen. Her blei det lagt vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema.

- Nono Dimby var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga SMIL og drenering
- Monica Dahlmo var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med tilskot etter regionalt miljøprogram og spreieareal
- Else F. Hodne var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med produksjonstilskot
- Sissel C. Endresen var kontolleiar og referent.

Intervjuet blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

5.3 Tema for forvaltningskontrollen

| Nr. | Tema | Ønskjer svar på |
|-----|---|---|
| 1 | SMIL og drenering | Kva rutinar har kommunar for å sikre at søknader om tilskot til SMIL og drenering blir behandla i tråd med gjeldande regelverk? |
| 2 | Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP) | <p>Saksbehandlingsrutinar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kva rutinar har kommunen for registrering og arkivering av søknader - Kva rutinar har kommunen for behandling av søknadene - Korleis vurderer kommunen feilopplysningar i søknaden - Kva rutinar har kommunen for stadleg kontroll - Kva rutinar har kommunen for behandling av klager <p>Vi vil særleg sjå på forvaltning av ordningane; vedlikehald av ferdsselsårar i kulturlandskapet og ordningar under biologisk mangfold</p> |
| 3 | Produksjonstilskot (PT) – saksbehandlingsrutinar generelt | <p>Kva rutinar har kommunen for å gå gjennom innkomne søknader?</p> <p>Kva rutinar har kommunen for å rette søknader der det er feil i søknadsdata?</p> <p>Korleis følgjer kommunen opp saker som gjeld brot på dyrevelferdsregelverket og korleis fungerer informasjonsutvekslinga med Mattilsynet</p> |
| | PT – Driftsfellesskap | Kva rutinar har kommunen for å vurdere om det er driftsfellesskap mellom fleire søkerar? |
| | PT – Avkorting | Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting? |
| | PT – Risikovurderingar | Kva rutinar har kommunen for å plukke ut føretak til stadleg kontroll? |
| | PT – Spreieareal | Kva rutinar har kommunen for å kontrollere at føretak har nok spreieareal? |
| | PT – Tilskot til dyr på beite | Kva rutinar har kommunen for å godkjenne dyr på innmarksbeite og dyr på utmarksbeite? |

6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema.

Eventuelle avvik og merknader som blei avdekkja vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1 Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2 Tema 1 – SMIL og drenering

Om regleverket

Kommunen skal fastsette overordna retningslinjer for korleis søknader om SMIL-midlar skal prioritertast. Retningslinjene bør bl.a. innehalde miljøfaglege kriterier, og eventuelle andre kriterier for prioritering av søknadene. Retningslinjene skal fastsetjast i dialog med FM og næringsorganisasjonane lokalt.

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioritertast ut frå lokale målsettingar og strategiar. SMIL-ordninga i Rogaland skal stimulere aktive landbruksføretak til ein ekstra innsats ut over normal landbruksdrift, på tiltak innan ureining, biologisk mangfold og kulturlandskap.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har ein SMIL-strategi frå 2014. Det er få SMIL-søknader i kommunen og kommunen prøver å informere bøndene via e-post. Dei fleste tar kontakt med kommunen før dei søker, og kommunen er ute på synfaring både før tiltak blir sett i gang og etter at tiltak er gjennomført.

Kommunen kjenner til og nyttar ulike databasar i saksbehandlinga. Kommunen er ved saksbehandling klar over at tiltak det skal løvvast midlar til skal vere tiltak til ein ekstra innsats ut over normal landbruksdrift.

Kommunen meiner det er vanskeleg å følgje opp når fristen for ulike tiltak går ut. Dei er avhengige av FM for å få info om arbeidsfristar, og har ikkje gode nok rutinar sjølvve på å følgje opp arbeidsfristar for tiltak det er løyvd pengar til. Kommunen arbeider med å få til et

godt system for å følgje opp sakene. Kommunen sender ut brev til søkerane for å minne om arbeidsfristen. Kommunen har ikkje god nok kontroll med arbeidsfristen i gamle saker, men nye saker blir fanga opp av arkivsystemet.

Kommunen opplever det av og til som vanskeleg å beskrive tiltaket og det har ikkje alltid blitt sett konkrete vilkår som søker må rette seg etter for å få utbetalt tilskot. Kommunen gav uttrykk for at dei meiner det er vanskeleg med store utbetalingar der ein stor del av tilskotet er knyta til timelister som søker har sett opp.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har stort sett gode rutinar for behandling av SMIL-søknadene. Det vi har merka oss er at kommunen ikkje har gode nok rutinar på å følgje opp arbeidsfristen i gamle SMIL-saker. Vidare ser vi at kommunen i ein del saker ikkje har sett konkrete vilkår for utbetaling av tilskotet.

Fylkesmannen fann ingen avvik.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- **Merknad 1**
Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å følgje opp arbeidsfristar i gamle saker.
- **Merknad 2**
Kommunen skriv ikkje alltid i løvvingsbrevet konkrete vilkår for utbetaling av tilskotet.

6.3 Tema 2 – Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å fatte vedtak etter RMP-forskrifta jf. § 27. Tilskot blir utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar m. v. fastsett av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag. Retningslinjer for utbetaling av regionale miljøtilskot er omtalt i SLF sitt rundskriv 12/2014, og i Fylkesmannen sitt rundskriv 1/2014.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Saksbehandling

Dei fleste sakene kjem inn elektronisk, nokre få på papir. Dei som blir leverte på papir blir registrerte i eStil av kommunen. Ved søknadsbehandling ser kommunen på søknaden for føregåande år. Kommunen stolar på tidlegare saksbehandlar når det gjeld vurderingar av tilskot til skjøtsel av kulturminne. Dersom søker har ført opp sau under tilskot til sau/geit i utmark (som berre gjeld ammegeit), så fjernar kommunen desse frå søknaden utan å varsle brukar.

Kommunen sjekkar søknadene, men har ikkje heilt oversikt på kva som blir kontrollert maskinelt i systemet. Kommunen er likevel bevisst på at mellom anna sau på utmark ikkje blir sjekka maskinelt. Kommunen krev ikkje kart når det er levert papirsøknader.

Dersom søknaden er sendt inn utan nødvendig eigenerklæring, sender kommunen e-post til søkerar for å informere om at dette må vere på plass før kommunen kan godkjenne søknaden. Kommunen bruker e-post for å dokumentere korrespondanse med søker. Merknadsfelt i eStil blir brukt for å forklare endringar i søknaden.

Kommunen nyttar eStil som arkivsystem for søknader som kjem inn elektronisk, dei som kjem inn på papir blir lagra i kommunen sitt arkivsystem.

Kommunen har ikkje skriftleg rutinebeskriving for behandling av RMP-søknader.

Kontroll av søknader

Når det gjeld RMP-søknader, er det ein del av kontrollane som blir gjort automatisk/ maskinelt og noko som kommunen må sjekke i si saksbehandling. På spørsmål var kommunen usikker på kva som er rutinane.

Kommunen har plukka ut søknader for stadleg kontroll, og det er nytta føringar frå FM når det gjeld utplukk i 2015. Det er plukka ut tilstrekkeleg tal føretak for kontroll. Dei er alltid to som er ute på kontroll. Turstiar er merka i kart hos kommunen og blir sjekka ut frå desse karta. Ved søknadsbehandling har kommunen fjerna turstiar i utmark. Kommunen har ikkje fjerna turstiar som det er søkt på i område med kystlynghei. Kommunen har tidlegare ikkje gjort skriftleg risikovurdering, men det blir no gjort i kommunen sitt arkivsystem.

Kommunen bruker kart og skjøtselsplanar når dei skal kontrollere kor stort areal det kan gis tilskot til i kystlynghei. Dei kontrollerer og mot temakartportalen. Dyretal blir kontrollert mot dekar, og dei har og redusert areal i nokre tilfelle.

Avkorting

På spørsmål om korleis kommunen vurderer avkorting ved feilopplysningar og regelverksbrot, var svaret at dei ikkje har vurdert avkorting når det gjeld oppføring av sau for tilskot til sau/geit i utmark. Heller ikkje i saker som gjeld fornminne, der det er gjort feil i 2014, er det gjort avkorting fordi kommunen meiner søkerar har misforstått ordninga. Søknadene er retta opp av kommunen, og det er registrert i merknadsfeltet slik at søker er gjort kjent med dette i vedtaksbrevet.

Når det gjeld saker frå PT og eventuell reaksjon med avkorting i RMP, som t.d. manglande gjødselplan, så har kommunen no ei sak til vurdering.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen har merka seg at kommunen gjer mykje godt arbeid med regionalt miljøprogram. Vi vil likevel tilrå at kommunen får på plass ein skriftleg rutinebeskriving som mellom anna seier noko om kva som blir kontrollert maskinelt, og kva kommunen må vere merksam på å kontrollere sjølv.

Fylkesmannen vil også påpeike at kommunen bruker ein kombinasjon av arkivsystemet som ligg i eStil og kommunen sitte eige arkivsystem. Kommunen bør velje eit av systema.

Kommunen har i nokre tilfelle godkjent søknader om tursti i område med kystlynghei. Det er berre turstiar som går over eller i kanten av innmarksareal (fulldyrka areal, overflatedyrka areal, innmarksbeite og plantefelt) som kvalifiserer for tilskot. Kystlynghei er utmark. Det er feil at kommunen har godkjent dette.

Kommunen har ikkje vurdert å avkorte tilskot der søker har ført opp sau under tilskot til beite i utmark. Vi viser til rundskrivet der det står: «Dersom søker gir opplysningar som kan gi eller har gitt urettmessig utbetalt tilskot, skal kommunen vurdere avkorting. Der søker i tilskotsbrevet etter førre års søknad har blitt opplyst om han ikkje har rett på einskilde tilskot, og likevel feilaktig har sökt same ordning på nytt, skal kommunen som hovudregel avkorte tilskotet».

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- **Avvik 1**
Kommunen har godkjent turstiar i område med kystlynghei.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der det er gitt feilopplysningar.

Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- **Merknad 3**
Kommunen har ikkje skriftleg rutinebeskriving for behandling av RMP-søknadene.

6.4 Tema 3 – Produksjonstilskot

6.4.1 Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre

at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege saksbehandlingsrutinar for innkomne søknader. Ulike rundskriv frå SLF gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane. Det såkalla «saksbehandlingsrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane omtalar saksbehandlingsrutinane, jf. rundskriv 2014-16 for søknadsomgangen 20. august 2014 og rundskriv 2014-30 som er gjeldande for søknadsomgangen 20. januar 2015.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Dei fleste søknadene blir levert elektronisk. Papirsøknader blir lagt inn i arkivet, dei som blir levert elektronisk blir lagt inn i eit skyggearkiv. Kommunen er i gang med å lage ei skriftleg rutinebeskriving, og dei viser og til at det ligg mykje rutinebeskriving i rundskriv frå Ldir. Kommunen går gjennom søknaden og ser om søknadsdata ser normale ut i høve til kva det er søkt på tidlegare. I august blir tal dyr og areal sjekka at dette står i høve til einannan. Ser og nærmere på dei som startar opp med sal av grovfôr. Sjekkar feil og varslemeldingar før søknadene kan godkjennast.

Kommunen nyttar marknadsfeltet i Wespa ved endringar. Kommunen har alltid ein dialog med brukar før endringar i søknadsdata, og dette blir dokumentert skriftleg. Kommunen har fokus på tal dyr oppgitt på beite. Ser på tal dyr totalt og tal dyr på beite. Får ofte spørsmål frå søkerar som ønskjer å føre på ekstra dyr etter søknadsfrist, men dette blir avvist av kommunen.

FM stilte nærmere spørsmål til tre søknader frå august 2014.

- FM viste vidare til sak 1 der kommunen har ført opp dyr på beite i kode 431 og 432 utan at søker har ført dei opp. Kommunen har ikkje skrive noko i merknadsfeltet, og det står ikkje nokon kommentar i søknadshistorikken.
- FM viste til sak 2 der kommunen har ført opp areal som søkeren ikkje har ført opp. Kommunen har ikkje ført opp noko i merknadsfeltet, og det står ikkje nokon kommentar i søknadshistorikken. Under kontrollen la kommunen fram dokumentasjon.
- FM viste til sak 3 der kommunen har ført opp sal av grovfôr utan at søker har ført det opp. I merknadsfeltet skriv kommunen at «*Søker sier han har solgt 58 rundballer, venter på dokumentasjon/bilag. Ikke mottatt per 22.09.2014.*» Under kontrollen kunne ikkje kommunen gjere greie for kva som var skjedd i denne saka.

FM stilte spørsmål om korleis kommunen følgjer opp feilmeldingar. Kommunen har rutine for å følgje opp feil- og varslemeldingar. Korleis dei følgjer opp varierer etter kva feil- eller varsle melding det gjeld.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen er i gang med å utarbeide ei skriftleg rutinebeskriving for gjennomgang av søknader om PT. Det ser vi som positivt, og det vil gjere kommunen mindre sårbar ved skifte av saksbeandlerarar.

Kommunen har gode rutinar for bruk av merknadsfeltet i WESPA, men vi har funne nokre tilfelle der det er gjort endringar i søknadsdata som ikkje er kommentert i WESPA. Vidare har vi funnet at kommunen har ført på søknadsdata utan at det ligg føre dokumentasjon. Vi viser her til rundskriv 16-2014 pkt. 4.1.7 der det går fram at «*Kommunen skal bare rette opplysningene søkeren har gitt etter samråd med søkeren selv. Dersom det oppdages opplysninger i søknaden som antas for ikke å være korrekte, skal søkeren kontaktes før retting blir utført. Det samme gjelder hvis det mangler opplysninger. Kommentarfeltet i WESPA skal alltid brukes til å forklare hvorfor rettinger er gjort. Ved lagring vil saksbehandlers brukernavn og tidspunkt for retting bli lagret som en del av historikken til søknaden.*

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- **Avvik 3**

Kommunen har korrigert søknadsdata utan at det ligg føre dokumentasjon og utan at endringa er kommentert i WESPA.

6.4.2 Driftsfellesskap

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det er i strid med reglane om driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der fleire føretak på same landbrukseigedom søker produksjonstilskot. Risikoen for feilutbetaling av store beløp er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regleverket.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Før søknadsomgangen januar 2015 gjekk kommunen aktivt ut med informasjon om regleverket i samband med amnestiordninga. Det blei laga ei liste med oversikt over kven som kunne vere i konflikt med regleverket for driftsfellesskap. Kommunen besøkte alle samdriftene, og gjorde ei konkret vurdering og ga beskjed om kva som ikkje er innanfor regleverket. Alle vurderingane er skriftlege. Kommunen hadde samtale med aktuelle føretak, men har ikkje henta inn data frå rekneskapen. Føretaka hadde i utgangspunktet kryssa av nei for driftsfellesskap, og sende inn skjema i etterkant om amnesti.

FM stilte spørsmål om to saker der føretaka ikkje hadde nytta amnestiet. Det var to samdrifter med enkeltpersonsføretak på same eigedom. Desse har kryssa nei for driftsfellesskap også i august 2015. Kommunen var på stadleg kontroll i sak 4 i august 2015. Det gjaldt ei samdrift og enkeltmannsføretak på same eigedom, der samdrifta driv med mjølk og enkeltmannsføretaket driv med sau. I sak 5 er det

samdrift og enkeltmannsføretak på same eigedom, der samdrifta driv med mjølk og enkeltmannsføretaket driv med sau og slaktegris. Kommunen har vurdert driftsfellesskap i desse sakene etter å ha vore ute hos føretaka og hatt ein samtale med dei. Det er ikkje gjort vurderingar ut frå kontroll av rekneskap. Brukarane har ikkje fått skriftleg vurdering eller vedtak om konklusjonen, men det ligg føre eit internt notat. Kommunen har konkludert med at det ikkje var driftsfellesskap i desse to sakene.

Fylkesmannen si vurdering

I saker som gjeld vurdering av driftsfellesskap er det viktig at kommunen har tilstrekkeleg grunnlag før det blir konkludert med driftsfellesskap eller ei. Samtale eller intervju av føretaka viktig for å skaffe seg oversikt over dei faktiske tilhøva. Men det er og i dei fleste tilfella nødvendig å innhente tal frå rekneskapen for å ha tilstrekkeleg grunnlag til å stadfeste driftsfellesskap eller ei.

Fylkesmannen fann ingen avvik.

Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- **Merknad 4**

Kommunen hentar ikkje inn tilstrekkeleg dokumentasjon når dei skal vurdere driftsfellesskap, og konklusjonane blir difor trekte på for svakt grunnlag.

6.4.3 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta, (§§ 11 og 12 i ny forskrift). Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkeren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 10.5.3 i rundskriv 2014-30. Brev med vurdering skal sendast til søker, med kopi til FM.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har hatt rutine på å rette opp søknadsdata i dei tilfella der det er oppdaga feil, og har difor sikra at rett beløp har blitt utbetalt. Kommunen har ikkje avkorta for feilopplysningar ved søknadsomgangane i august 2014 og januar 2015. FM viste til liste PT 4100 C for august 2014, og denne viser at kommunen har gjort endringar i 70 koder. Til dømes er dyr på utmark endra, jf. sakene 6,7 og 8, og det er då korrekt skrevet merknad i Wespa, men det er ikkje vurdert avkorting. I sak 9 er arealtala endra, og her er det ikkje

skrevet merknad i Wespa og det er ikkje vurdert avkorting. I sak 10 er arealtala redusert, det er skrevet merknad, men ikkje vurdert avkorting. I sak 11 er dyretalet redusert, men det er ikkje skrevet merknad, og er ikkje vurdert avkorting.

Kommunen sa at dei er i gang med å få på plass rutine for å følgje opp saker der dei har redusert søkerdata. Dei skal få på plass rutine for å sende ut varsel og vurdere grad av aktsemd. Etter tilbakemelding frå søker skal kommunen vurdere storleiken på avkortninga.

Når det gjeld avkorting for regelverksbrot, så har kommunen ikkje hatt saker som gjeld brot på dyrevelferdsregelverket. Landbrukskontoret er med Mattilsynet ut på tilsyn når dei blir invitert. Kommunen får aldri kopi av vedtak frå Mattilsynet, og kommunen har difor ikkje avkorta i saker. Kommunen varsler Mattilsynet dersom dei får kjennskap til dyreversnsaker.

Kommunen har no ei sak som gjeld ammekyr og vurdering av vanleg jordbruksproduksjon. Denne saken er ikkje avgjort enno. Har og ei sak i kommunen som gjeld forureining, men veit ikkje resultatet av denne på noverande tidspunkt.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har ikkje hatt rutine for å vurdere avkorting i saker der dyretal og/eller areal er redusert av kommunen. Dette er ikkje i tråd med gjeldande rundskriv som seier at kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der det er gitt feilopplysningar som kunne ført til at føretak får utbetalt meir tilskot enn dei har rett på. Fylkesmannen ser det som positivt at kommunen er i gang med å få på plass ein rutine for å følgje opp saker der det er gitt feilopplysningar.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 4**

Kommunen har ikkje vurdert avkorting i saker der dyretal eller areal er redusert.

6.4.4 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll

Om regelverket

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 6 i rundskriv 2014-30 Landbruksdirektoratet. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søkerdataomgangar.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har gjort skriftlege risikovurderinger ved søknadsomgangane i august 2014 og januar 2015. Ved søknadsomgangen i august 2014 var det fokus på kontroll av areal med særleg vekt på føretak der det er ugrasproblem. Ved søknadsomgangen januar 2015 var det spesielt fokus på driftsfellesskap. Når føretak skal plukkast ut, legg kommunen mellom anna vekt på å plukke ut føretak der det er lenge siden sist kontroll og føretak med store utbetalingar. Kommunen ser at det er ei utfordring å kontrollere tilskot til dyr på beite, og ser at mange har problem med å føre areal i rett arealkategori.

Fylkesmannen si vurdering

Etter FM si vurdering har kommunen rutinar som sikrar risikobasert utplukk ved stadleg kontroll.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.4.5 Spreieareal

Om regelverket

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreying av husdyrgjødsel, jf. § 24 i forskrift om organisk gjødsel. Jf. § 22 skal bruk av gjødselvarer inngå i gjødslingsplan jf. forskrift om gjødslingsplanlegging.

Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal og spreietidspunkt blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Kommunen kan dispensere frå desse krava, jf. § 31 i forskrifta. Ved manglende spreieareal, får føretaket ein reduksjon i utbetaling av produksjonstilskot, jf. teknisk jordbruksavtale 2014-2015, kap. 7.1.1. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal og spreietidspunkt, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har ikkje arbeidd aktivt med dette, men har rekna ut spreieareal for dei som har spurt. Kommunen reknar og ut behov for spreieareal før stadleg kontroll. Kommunen krev skriftleg avtale med signatur frå dei som ikkje disponerer nok spreieareal sjølv. Ved stadleg kontroll av PT sjekkar kommunen gjødselplan og spreieareal samtidig. Kjenner til at 90 føretak har avtale med landbruksrådgivninga om gjødselplan.

Kommunen vil prioritere spørsmål om spreieareal ved kontroller. Rennesøy har mykje beiteareal, og kommunen kontrollerer avbeiting når dei kjører rundt i kommunen.

Fylkesmannen si vurdering

FM meiner det er viktig at kommunen held fokus på status for spreieareal i kommunen. Totalituasjonen i Rennesøy når det gjeld spreieareal er god, og det er ikkje funnet føretak

som manglar spreieareal. Men det er bekker med forureining i kommunen og det indikerer at alt ikkje er i orden.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.4.6 Tilskot til dyr på beite

Om regelverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. teknisk jordbruksavtale for 2014-2015, punkt 7.7. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer på område med tilfredstilande beitemoglegheiter. Det er krav om at minst 50 % av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Ved gjennomgang av søknadsdata har kommunen i mange tilfelle redusert eller tatt vekk dyr ført på utmarksbeite. Det skuldast at mange har misforstått ordninga. Kommunen har teke kontakt med søkerane på e-post for å orientere om ordninga og har bedt om tilbakemelding frå søkerane på korleis dette er. Ut frå desse tilbakemeldingane er tal dyr på beite endra.

Kommunen sjekkar at krav til tal veker på beite er oppfylt og at hovuddelen av grovfôropptaket er frå beite. Ser på kva dyr føretaket søker på og vurdere ut frå den kjennskapen dei har. Kommunen vurderer ikkje tal dyr ført på beite opp mot tilgjengeleg areal.

Under stadleg kontroll blir ikkje beitejournalen nytta til kontroll av dyr ført på beite.

Kommunen kontrollerer om beitene er nytta når dei er på stadleg kontroll.

FM viste til tre tilfelle der kommunen har godkjent mjølkekryr og ammekryr på beite. I sak 12 og 13 er alle mjølkekryr ført opp på utmarksbeite. I sak 14 er alle ammekryr ført opp på utmarksbeite. Kommunen har ikkje gjort ei konkret vurdering av om dette kan vere rett.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen meiner kommunen bør be om beitejournal når dei er på stadleg kontroll. I rundskriv 2015-17 pkt. 6.6.6 Kontroll av dyr på beite står det at føretak som søker om tilskot til dyr på beite må kunne sannsynleggjere at dyra har vore på beite den tida som blir kravd. Kommunen bør gjere ei vurdering av om tilgjengeleg beiteareal står i forhold til tal dyr ført på beite når kravet er at minst halvparten av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting. Vidare meiner vi kommunen bør gjere ei grundig vurdering før dei godkjenner mjølkekryr på utmarksbeite.

Fylkesmannen fann ingen avvik.

Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- **Merknad 5**

Kommunen gjer ikkje ei tilstrekkeleg vurdering av beiteareal i forhold til dyretal.

- **Merknad 6**

Kommunen har godkjent mjølkekryr på utmarksbeite utan tilstrekkeleg vurdering.

- **Merknad 7**

Ved stadleg kontroll bør kommunen ha større fokus på om vilkår for å føre dyr på beite er oppfylt.

7. Oppfølging etter kontrollen

Rennesøy kommune må innan 31.08.2015 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir vist til i merknadane.